ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 01.04.2022 |
| Vår: 22/1610 - 22/26332 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve for planering, veg og VA- anlegg innanfor delfelt KBA1 - gbnr 212/132 m. fl. Eikanger øvre

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 389/22** |
| **Tiltakshavar:** | Atr Eiendom AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tippetue Arkitekter AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av infrastruktur innanfor delfelt KBA1 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Planering av del av KBA1 og KBA3, veg og vass- og avløpsanlegg slik det er skildra i søknaden og går fram av kart mottatt 01.04.2022. Vist tverrveg frå veg V1 og austover mot gbnr 212/150 er ikkje omfatta av vedtaket.**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 31.12.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 02.10.2015 og endringsløyve datert 28.03.2022.

Mellombels bruksløyvet omfattar planering av del av delfelt KBA1 og delfelt KBA3, veg og vass- og avløpsanlegg slik det er skildra i søknaden og går fram av kart mottatt 01.04.2022.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: Utgangen av 2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 31.03.2022 og supplerande dokumentasjon mottatt 01.04.2022.

**VURDERING**
Kommunen gav i vedtak datert 02.10.2015 rammeløyve til planering av delfelt KBA1 og KBA2 med infrastruktur knytt til utbyggingsområdet. Det vart gitt mellombels bruksløyve for planering av del av delfelt KBA2, etablering av veg og vass- og avløpsanlegg for delar av området og avkøyrsla frå reguleringsområdet og til E39 i vedtak datert 22.01.2018. Frist forferdigstilling vart sett til 10.11.2018.

I ny søknad om mellombels bruksløyve mottatt 31.03.2022 er det søkt om utsatt frist for ferdigstilling av arbeidet til utgangen av 2023.

Kommunen finn å kunne gje mellombels bruksløyve for planering og opparbeiding av veg og VA-anlegg innan for delfelt KBA1 og del KBA3, med unntak av vist tverrveg frå veg V1 og austover til gbnr 212/150. Vegen er ikkje godkjend etablert. Det vert også sett krav om ferdigstiling av tiltaket innan 31.12.2022. Bakgrunnen for kravet er at gitt frist for ferdigstilling av tiltaket sett i vedtak om mellombels bruksløyve datert 22.01.2018 allereie er overskriden med meir enn 3 år. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for ei vidare utsetjing av ferdigstilling av tiltaket slik det er søkt om. Ei ferdigstilling av det omsøkte tiltaket vil også gje ei føreseieleg planlegging av nye tiltak i tråd med planføresegnene, jf. pkt. 1.4.2.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Bygningstiltak: | Delvis planering av KBA1 og KBA3, veg og vass- og avløpsanlegg innanfor KBA1, jf. kartskisse mottatt 01.04.2022. Vist tverrveg frå veg V1 og austover mot gbnr 212/150 er ikkje omfatta av vedtaket. |
| Avløp: | Kommunalt |
| Vatn: | Kommunalt |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1610

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Anne Lise Molvik<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Oversikt_avgrensning

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Atr Eiendom AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |
| Tippetue Arkitekter AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |